Høgskulen på Vestlandet



# O-13/23 RETNINGSLINJE FOR TREKK AV UTLYSTE STUDIUM

Styret 8.mars 2023

Prorektor utdanning Anne-Grethe Naustdal

# Strategisk utvikling av studieporteføljen

- Høgskulen har starta eit arbeid med strategisk utvikling av studieporteføljen som ledd i arbeidet med å møte det samla utfordringsbildet som blir teikna for sektoren framover og for å følgje opp eige arbeid med periodiske evaluering av studieporteføljen.
- Dette blir ei sak til styret sitt møte i juni 2023.
- Prorektor for utdanning leiar arbeidet, som er delt inn i tre arbeidsområder
  - Arbeidet med retningslinjer for trekk av utlyste studium er del av område 1

1. Overordna prinsipp for strategisk utvikling av studieporteføljen
2. Revisjon av SEFØ-modellen
3. Økonomisk bærekraft – arbeidspakke under 1 og 2 – henholdsvis Overordna prinsipp og SEFØ-modellen

- Retningslinja skal gje rektor eit verktøy til å vurdere og vedta om studium bør trekkast fordi søkjartalet er for lågt
- Retningslinja består av ein trafikklysmodell og eit sett vurderingskriterier
- Modellen med kriterium skal vere rettleiande for vurderingane som vert gjort fram til eit vedtak

Ny retningslinje vil føre til behov for revidert  prosessbeskriving for trekk av studieprogram



**Prosess-skildring: Endring av vedteken eigenfinansiert studieportefølje: Trekk/avlysing av studium**

| **Tittel** | **Endring av vedteken eigenfinansiert studieportefølje: Trekk/avlysing av studium** |
|---|---|
| Føremål | Sikre at alle nødvendige tilhøve vert teke omsyn til dersom det oppstår behov for endring av endeleg eigenfinansiert studieportefølje, vedtatt av styret i november. Prosess-skildringa gjeld tilhøve som kan medføre:<br>1. Trekk før utlysing<br>2. Trekk etter utlysing (før opptak er gjennomført)<br>3. Avlyse opptak |
| Prosesstart | Når behov for å vurdere trekk/ avlysing av studium oppstår etter styrevedtak i november |
| Prosesslutt | Når søkjar til det aktuelle studieprogrammet vert  orientert om trekk/avlysing. |
| Aktuelt regelverk | • Forskrift om opptak til høgre utdanning<br>• Forskrift om opptak til Høgskulen på Vestlandet |
| Tidsfrist | Lokalt opptak:<br>Førespurnad frå fakultet til rektor må skje i rimeleg tid etter at søkjartala er kunngjort og seinast 1 veke før det vert sendt ut svar på opptaket<br>Samordna opptak (SO):<br>*For grunnutdanningar:*<br>Førespurnad frå fakultet til rektor innan 1. juni. Rektorvedtak vert utarbeida og sendt SO innan 20. juni<br>*Fagskule:*<br>Førespurnad frå fakultet til rektor innan 22.april. Rektorvedtak vert utarbeida og sendt SO innan 30.april |
| Prosessansvarleg | Prorektor for utdanning |
| Prosesseigar | Rektor |
| Vedtaksdato UU | 2.4.2020 |
| Årleg revisjon | |
| Referanse arkivsystem | 20/01380 |

**Omgrep**

Lokalt opptak:
Alt studiepoenggivande opptak som ikkje går via Samordna opptak, til dømes opptak til vidareutdanning og master.

1

Samordna opptak:
Alt studiepoenggivande opptak til grunnutdanning og fagskuleutdanning.
*Grunnutdanning* er utdanningar som normalt bygger på vidaregåande opplæring og som ikkje bygger på eller har anna høgare utdanning som eit opptakskrav

*Fagskuleutdanning* er høgre yrkesfagleg utdanning og ligg på nivå over vidaregåande opplæring.

**Presisering**

Rektor har fullmakt til å trekke/avlyse alle eigenfinansierte studium som inngår i styret sitt vedtak om samla studieportefølje for komande studieår.  Dette gjeld også for studium til og med 60 studiepoeng.
Ved behov for trekk/avlysing av eksternt finansierte studium gir fakultetet melding om dette direkte til Eining for opptak og rekruttering

| Trinn | Aktuell rolle og aktivitet | Utfyllande kommentarar | Relevant dokumentasjon |
|---|---|---|---|
| 1. | **Dekan**<br>Vurderer, avklarar og melder behov for endring i vedteken studieportefølje | Terskelen er høg for å gjere endringar i vedteken studieportefølje. Som hovudregel vil det berre  bli gjort endringar dersom det er for få søkjarar (dvs. trekk av studium). | Prosess-skildring:<br>Vedtak om endeleg studieportefølje<br>Mal:<br>Melding om behov for  endring  i vedteken studieportefølje |
| 2 | **Prorektor for utdanning**<br>Tek i mot fakultetet sitt behov og fordeler til aktuell sakshandsamar | | |
| | **Rektor**<br>Fattar vedtak på rektor-fullmakt | Vedtak med ein av fylgjande tre konklusjonar:<br>Trekk før utlysing<br>Trekk etter utlysning<br>Avlyse opptak | Mal:<br>Rektorvedtak (vert sendt til  Samordna opptak) |
| | **Prorektor for utdanning**<br>Formidlar vedtak om endring i studieportefølje til aktuelle partar/einingar som har behov for informasjon | Aktuelle partar/einingar som skal ha informasjon:<br>• Fakultet<br>• Eining for opptak og rekruttering<br>• Avdeling for kommunikasjon og samhandling<br>• Eining for Felles studentsystem (FS)<br>• Bibliotek<br>• Studenttinget | |
| | **Aktuelle einingar/partar fylgjer opp rektor sitt  vedtak** (sjå punkt over)<br><br>Oppfølging av vedtak | • Fakultet har ansvar for å ivareta medarbeidarar som vert råka av vedtaket.<br>• Fakultetet har ansvar for å  utarbeide informasjon til søkarane som Eining for opptak og rekruttering sender ut.<br>• Avdeling for kommunikasjon og samhandling har ansvar for å oppdatere aktuelle nettsider<br>• Eining for Felles studentsystem har ansvar for å registrere endring i Felles Studentsystem | |

2

**Mal:**

- Melding om behov for  endring  i vedteken studieportefølje
- Rektorvedtak

# Trafikklysmodellen

- Legg til grunn at forventa tal kvalifiserte førstevalssøkarar er ein indikator på framtidig fyllingsgrad
  - Fyllingsgrad er forholdet mellom tal utlyste studieplassar og tal studentar møtt til studiestart

- Studietilbod vert kategorisert i anten grøn, gul eller raud kategori ut i frå ei vurdering av kor stor del av dei utlyste studieplassane ein reknar med å fylle

- Dei simuleringane som er gjennomført til no, der ein ser resultata av modellen opp mot dei faktiske oppmøtetala i 2022, viser at trafikklysmodellen i all hovudsak treff godt.





- Når eit studium blir merka raudt, bør høgskulen vurdere oppstart av dette opp mot eit sett med kriterium.
  - Tilstrekkeleg tal studentar til å sikre eit godt læringsmiljø
  - Fagleg ressursbruk i studietilbodet
  - Studietilbodet si varigheit
  - I kva grad det er samfunnskritisk å uteksaminere kandidatar

- Kriteria vil vere rettleiande for vurderingane, og konklusjonen baserer seg på ei heilskapleg vurdering av det einskilde studietilbod.
  - Læringsmiljø vil likevel stå i ei særstilling

# Ny prosess

- Dekan grunngjev ut frå vurderingskriteria kvifor fakultetet eventuelt ønsker at studietilbod i raud sone ikkje skal trekkast.
- Toppleiinga handsamar saka, drøftar dei aktuelle studietilboda samla og gir råd til rektor som har fullmakt til å vedta trekk.
- Prosessen skal sikre ei felles vurdering i toppleiargruppa kring studietilbod som skal trekkast før rektor tar ei avgjerd.
- Eventuelle konsekvensar for det einskilde campus vert vurdert under eitt.
- Prosesskildringa inkluderar medverknad frå fagmiljø i saka



- Systematisk oppfølging av raude og gule studieprogram i dei årlege møta som prorektor for utdanning har med fakulteta i samband med styresak om fastsetting av eigenfinansiert studieportefølje
- Vi vil sjå nærare på fastsetting av tal utlyste studieplassar opp mot forventa tal kandidatar/uteksaminerte



# System for oppfølging av studietilbod som vert kategorisert som raude eller gule

# Meir presis og heilskapleg prosess




- Retningslinja for trekk av utlyste studium vil gi høgskulen eit godt system for å fange opp studietilbod med lågare søkjartal enn forventa.
- Retningslinja vil også bidra til at vedtak om trekk vert fatta etter ei grundig og heilskapleg vurdering.
- Dette vil sikre ei samla vurdering av verknadene trekk av aktuelle studietilbod kan ha for det einskilde campus